

Bresprekkar

Nødvendig utstyr:

- 5-6 mjølkekartongar
- Limband/kraftig tape
- Saks
- Underlag med ulike kurver, konvekse og konkave

Førebu eksperimentet:

- 1) Legg mjølkekartongane attmed kvarandre
- 2) Fest dei saman på eine sida med limband

Du har no laga ein modell av ein bre.



Gjennomføring:

- Kva skjer når du fører mjølkekartongane utfor bordkanten?
- Før mjølkekartongane over eit underlag som liknar både fjellside og dalbotn. Kva skjer?



Forklaring:

Ein skal her lage si eiga modell for å illustrere bresprekkar. Til kvar modell trengs det 5-6 mjølkkartongar. Ein limer dei saman og fører dei over underlag med ulike kurver (både konvekse og konkave) for å sjå korleis bresprekkane reagerer på ulike underlag.

Aktuelle spørsmål:

1. Kva skjer når du fører mjølkkartongane utfor bordkanten?

- ⇒ Overflata blir strekt og sprekk opp.
- ⇒ Ingenting.
- ⇒ Overflata blir pressa saman.

2. Før mjølkkartongane over eit underlag som liknar både fjellsida og dalbotn. Kva skjer?

- ⇒ I fjellsida sprekk overflata i "breen", medan i dalbotn blir overflata pressa saman.
- ⇒ Overflata sprekk opp i dalbotn og pressa saman i fjellsida.
- ⇒ Ingenting skjer.

3. Når ein går på bre skal ein binda seg saman i eit tau. Kvifor?

- ⇒ Ein skal alltid gå i tau på breen. Det kan vere store sprekker under snøen som ikkje er synlege på overflata.
- ⇒ Dersom fleire enn tre vener er på tur i lag treng ein ikkje å gå i tau.
- ⇒ Dersom ein ikkje ser nokon sprekker på breen, treng ein ikkje gå i tau.

Svar på spørsmåla:

1. Overflata blir strekt og sprekk opp.
2. I fjellsida sprekk overflata i "breen", medan i dalbotn blir overflata pressa saman.
3. Ein skal alltid gå i tau på breen. Det kan vere store sprekker under snøen som ikkje er synlege på overflata.